

Statsforvaltaren i Vestland

sfvlpost@statsforvalteren.no

DYKKAR REF./DATO:
Magne Nesse/VÅR REF.:
202500127-6STAD/DATO:
Gaupne , 24.06.2025POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLOTLF:
+47 24 06 70 00FAX:
+47 24 06 70 01INTERNETT:
www.statkraft.noE-POST:
post@statkraft.com


Org.nr.:987 059 729

SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE VED TILLØPSTUNNEL MÅLSET

Orientering om tiltaket

Statkraft Energi AS skal utbetra 16 utstøypingar i tilløpstunnelen til Målset kraftverk. Det er tverrslagsporten som vert begrensande for transporten, den har lysopning på 2,2x2,2 m. Det er planlagt å bruke vanleg betong i solen, og sprutbetong i sider og tak. Betongen i solen skal gå litt opp på veggane for støtte dei opp nede. Tverrslagsporten på Muravatn lek litt, det same gjeld proppen ved Målset.

Tiltakshaver	Statkraft Energi AS	Tlf. 24 06 70 00
Kommune	Vik kommune	
Fylke	Vestland fylke	
Konsesjon	Kgl.res. av 27. Juni 1969	
Tiltakets navn	Utbetring av utstøypingar i tilløpstunnelen til Målset kraftverk	
Organisasjonsnr.	NO-987 059 699	
Adresse	Postboks 200 Lilleaker 0216 OSLO	
Kontaktinformasjon, søknadsfase	Prosjektleder: Roar Lund	99 15 48 35
Kontaktinformasjon, byggefase	Vedlikehaldsleder: Per Bjarte Noss	90 55 37 15
	Byggeleder: Svein Arne Drægne	97 15 22 23
	Fagkompetanse miljø/landskap: Marte Veivåg Aase	93 05 93 68
Kontaktinformasjon, driftsfase	Kraftverksjef: Inge Hass	41 51 88 99
	Fagkompetanse miljø/landskap: Marte Veivåg Aase	93 05 93 68



Figur 1. Oversiktskart som viser tunnelsystemet mellom Muravatn, Årebotnvatn og Målset kraftverk og plassering av utstøypingane

Orientering om tunnelsystemet

Tilløpstunnelen til Målset består av 3 delar:

- Første seksjon er dreve frå Muravatn, den ligg på 990 moh og er 1600 meter lang. Så vidt vi kjenner til er det ingen utstøypingar på denne parsellen som skal utbetrast. Det einaste som er planlagt utført er å tetta ein konsentrert lekkasje i betongen som omsluttar tverrslagsporten.
- Andre seksjon er dreve frå tverrslag Fosse, den ligg på 935 moh og er 1900 meter lang. Det er på denne parsellen alle utstøypingane ligg, som er planlagt utbetra.
- Tredje seksjon er dreve frå Målset kraftverk, den ligg på 870 moh og er 700 m lang. Av dette er det eit frittliggande stålrør 400 m langt, slik at resten av tunnelen er 300 m lang. Det som er planlagt utbetra er lekkasje i betongkonus som ligg i enden av stålrøret.
- Desse tre nivåa er forbunde med to skråsjakter. På toppen av den fyrste sjakta er det ein stengeventil, kalla ventil Årebotn.

Om Målset kraftverk

Målset kraftverk ligg i Vik kommune i Vestland fylke. Kraftverket utnyttar fallet på 197 meter mellom Muravatn og Målsetvatnet, vekselvis 131 meter mellom Årebotnvatnet og Målsetvatnet. Målset kraftverk har ein Francisturbin på 23,5 MW.

Lokalisering av tiltaka

1. Fyrste tiltak som skal gjerast er boring i betong og berg og injisering med sement for å tetta tverrslagsport Muravatn.
2. Andre tiltak er å utbetra utstøypingane som har tilgang gjennom tverrslag Fosse. Dei fleste utstøypingane er bygt i 1966. Ved anleggstart i 2027 blir dei difor 61 år gamle. Dei er nummerert med nr 1 lengst oppstrøms og nr17 lengst nedstrøms. Dei lengst oppstrøms nr 1 til 8 er i dårlegast stand, enkelte stader har det falle ut store betongklumpar frå veggane. Nr 17 vart utbetra i samband med sandfanget i 2023, det gjenstår difor 16 stk.
Det er planlagt boring i betong og berg og sprutbetong for alle utstøypingane. Men sprenging vert det ikkje, men noko pigging vil det bli på dei dårlegaste betongpartia.
3. Tredje tiltak er boring i betong og berg og injisera med sement. Det gjeld proppen heilt oppstrøms i røyret til Målset kraftverk.

Midlertidig utslepp frå betongarbeid, boring og injeksjon

1. Lekkasjen ved tverrslag Muravavatn er anslått ved hovudtilsyn 2023 til 500 l/min ved vasstand 1057,57 dvs 2,43 m under HRV kt 1060 der det meste ca 90% kjem frå luka.
2. Ved uttak av massar frå sandfanget i 2023 vart lekkasjen ved tverrslagsport Fosse vurdert til 2500 l/min. Da var sjakta tilnærma full med vatn av tryggleikssyn for dei som arbeidde i tunnelen.
3. Ved tom sjakt og tunnel er det forventa nær null lekkasje frå berget oppstrøms konus Målset.

Vurdering av utslepp

Statkraft meiner at det ikkje er nødvendig å søke Statsforvaltaren om utsleppsløyve for nr 1 og nr 3 nemnt ovanfor. Men for nr 2 må det etter vår oppfatning søkast utsleppsløyve.

Krav til utslepp av vatn

Ureina innlekasje vatn i tunnelen skal behandlast i sedimenterings-anlegg med oljeutskillar med krav om grenseverdiar for suspendert stoff, pH og TCH (olje). Resipienten for reinsa

vatn frå tunneldrifta vil være Ovrivatnet. Ovrivatnet renn ut i Målsetvatn og vidare gjennom to kraftverk, Refsdal kraftverk og Hove kraftverk, før det via elva Vikja renn ut i Sognefjorden. Hovedvassforsyning til Vik sentrum, Vik vassverk, har uttak rett etter kraftstasjonen i Refsdal.

Det rensa vatnet etter renseanlegget skal ha fylgjande krav :

- Innhald av suspendert stoff < 50 mg/l
- pH mellom 6,5 - 8,5
- Total olje (THC) <20 mg/l

Vassmengde som går ut av reinseanlegget skal målast og loggførast av entreprenøren ein gong i veka. Byggherren kan føreta eigne analyser for å kontrollere at utsleppskrava som er sett blir overhaldne.

Slam som vert fjerna frå sedimenteringsbassenget skal leverast til godkjent mottak. Dersom slammet vert mellomagra skal dette gjerast på ein slik måte at finstoff ikkje vert vaska ut. Tilsvarende skal olje frå oljefråskiljaren leverast til godkjent mottak.

Vurdering av miljørisiko og effektar av utslepp

Samla sett vurderer vi at ved å halde seg innanfor utsleppskrava satt over er miljørisikoen i prosjektet akseptabel.

Arealbruk

For gjennomføring av tiltaket blir det små midlertidige inngrep på tipp Fosse. Liten rigg med spisebrakke, renseanlegg, oppstillingsplass for anleggsmaskiner og utstyr. I tillegg eit areal på 1 da. for mellomlager på eksisterande tipp. Arealet av tippen er 11 da, Statkraft har tidlegare erverva 22 da frå dåverande grunneigarar som tilhørde Fosse Stølsområde.

Forholdet til myndigheiter etter anna lovverk

Plan- og bygningslova

Tiltaket er unntatt byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven, jfr. forskrift om byggesak § 4-3 første ledd (byggesaksforskrifta).

Konsesjon etter vassdragsreguleringsloven er sjølvstendig grunnlag for å gje dispensasjon frå planer etter plan- og bygningslova for arealbruk godkjent i detaljplan og i medhald av konsesjonen.

Naturmangfaldlova

NVE og Statsforvaltar vil vurdere detaljplanen etter kriteria i naturmangfaldlova.

Området er ein del av Fjellheimen villreinområde. Det er ikkje registrert trekk som vert forstyrra av tiltaka. Det er heller ikkje registrert verneområde eller viktige naturtypar i miljødirektoratets databasar som vert påverka av tiltaka.

Kulturminnelova

Då det ikkje er planlagt ny arealbruk er det ikkje naudsynt med kartlegging av automatisk freda kulturminne. For øvrig gjeld den generelle aktsemdsplikta i kulturminnelova § 8, dvs.

at dersom det i anleggsperioden avdekkast mogeleg funn av kulturminne, skal fylkeskommunen straks varslast og arbeidet inntil vidare stansast.

Forureiningslova

Tiltaket vil medføre større pH frå betongen og olje frå eventuelle skadar på utstyr. Vatn frå tunnel driving blir pumpa ut på riggområdet og behandla i sedimenteringsanlegg og reinseanlegg. Prosessert vatn hamnar i Ovrivatnet via bekk

IK-vassdrag

Vassdragsanlegget er omfatta av Statkrafts internkontrollsystem for vassdragsanlegg, jfr. "Forskrift om internkontroll for å oppfylle lov om vassdrag og grunnvatn" av 28.10.2011.

Systemet skal sikre at planlegging, utbygging og seinare drift av anlegget skjer i medhald av gjeldande lover og regler. Det vil i forespørsel og kontrakt bli stilt krav til entreprenørens oppfølging av ytre miljø. Dette innebærer blant annet at Statkrafts standard krav for å sikre at miljøhensyn blir ivaretatt.

Det blir utarbeida sjekklister for systematisk tilsyn i tilknytning til både sikkerhet og miljø for anleggsperioden.

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS

Roar Lund

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur.

Vedlegg
Bystøl teikning 101 Riggplan

Fra: Lund Roar[Roar.Lund@statkraft.com]
Sendt: 24.06.2025 16:11:06
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Søknad om utsleppsløyve
